



Sist oppdatert: 20.01.2022

*Dette er ein "Travel like the locals"-tur eller på norsk «Reis som dei lokale». Desse turane går med ordinære rutebussar, ferjer og hurtigbåtar, men vi har planlagt reisa for deg slik at du kan konsentrere deg om å nyte turen. Du reiser på eiga hand – det er ingen guide eller turleiar med. På dei fleste turane må du bytte mellom ulike transportmiddel fleire gonger, og du er sjølv ansvarleg for å kome med på neste etappe – på same måte som dei lokale reisande! (Turane er lagt opp slik at bussar, ferjer og hurtigbåtar korresponderer.)*

## Utforsk Hellesylt og UNESCO Geiranger (ein veg)

### Stryn – Hellesylt – Geiranger

På denne turen kan du utforske den sjarmerande bygda Hellesylt, oppleve en flott ferjetur på Geirangerfjorden og sjå deg om i Geiranger.

Du startar i Stryn, og etter ca. 20 minutt køyrer bussen forbi Hornindalsvatnet. Vatnet er kjent for å være Europas djupaste innsjø, og det har i alle år blitt fortalt historie om kva som finns i dybden. Kanskje du er heldig og får sjå ein sjøorm når du køyre forbi?

Når du er framme på Hellesylt, har du litt tid til å sjå deg rundt. Mellom busshaldeplassen og ferjekaia finn du Hellesyltfossen. Det er ein mektig foss, og er eit av dei mest fotograferte motiva i området. Eit imponerende syn tidleg på sommaren i den store snøsmeltinga.

På Hellesylt finn du og Per Gynt Galleriet. Hovudformålet med galleriet er å presentere dei enorme trerelieffa til kunstnaren og treskjeraren Oddvin Parr (1933- 2010). Verka går frå golv til tak, og alle trerelieffa har motiv henta frå den norske forfattaren Henrik Ibsen sitt verk «Peer Gynt».

Så går turen vidare med ferje til Geiranger. Ferjecruiset frå Hellesylt til Geiranger tar ca 1 time, og her kan du blant anna sjå dei fantastiske fossene som De syv søstrene, Friaren og Brudesløret, og den berømte fjellgarden Skageflå.

I Geiranger kan du sjå deg rundt, shoppe, og kanskje og besøke Norsk Fjordsenter, som ligg i gangavstand frå sentrum, rett ved sida av Hotel Union.

Avgang frå: Stryn rutebilstasjon

**Dette dokumentet er ikke gyldig som billett.**



## Tidtabell og transportinformasjon

Stryn - Hellesylt - Geiranger 02.05 - 30.09 2022						
		Måndag - fredag		Laurdag	Søndag	Ferje-/busslinje
Frå	Stryn	09:15*	15:35**	06:10**	15:20**	250/520 (buss)
Til	Hellesylt	10:10	16:35	07:05	16:20	
Frå	Hellesylt	12:30	18:30	09:30	18:30	Ferje
Til	Geiranger	13:35	19:35	10:35	19:35	

\*Blir køyrt av FRAM, buss 250.

\*\*Blir køyrt av Kringom/Skyss, buss 520.

**Merk!** Hugs å vere på ferjekaia i god tid før ferja går når du er på veg til Geiranger.

**Dette dokumentet er ikke gyldig som billett.**